

Midt-Telemark kommune

Teknisk forvaltning

Pb 83, 3833 Bø

Kopi: Ordfører Midt-Telemark Kommune: Siri Blichfeldt Dyrland,
Avdelingsdirektør Statens Vegvesen Marianne Øhrn

Det er tid for å utreie og byggje gang- og sykkelveg langs riksveg 36 mellom Forberg og Vefald-Brekke

Gang- og sykkelveg-nettet i Bø dekkjer i dag dei fleste av dei viktigaste og mest ulykkesutsette strekningane i kommunen. Det har vori viktige utbyggingar av g/s-veg dei siste åra: til Folkestad langs Fv152 fullført 2015 og mellom Mannebru og Gvarv langs Rv36 fullført 2024. Men det er framleis eit stort unntak: RV36 forbi Forberg og opp til Vollemoen og Vefald-Brekke. Vi som brukar vegen ser dagleg folk som går og sykklar langs den med livet som innsats, og opplever at trongen for å få skilt bilistar og mjuke trafikantar er stor og aukande. Strekninga bør difor få gang- og sykkelveg så snart som råd. Vi meiner det er på høg tid at dette tiltaket prioriterast i kommuneplanen, utgreias og byggjes ut. Dette brevet er innspel til å omtale og inkludere dette i kommuneplanens arealdel i Midt-Telemark som no er under arbeid.

Ein fullstandard g/s-veg vil ha ein vesentleg kostnad og krevje areal langs vegen som i dag er mykje landbruksjord. Den nyleg fullførte g/s-vegen mellom Mannebru-Gvarv på 4,1 km kosta nær 130 mill. kr. Vi vil derfor lansere moglegheita for å kunne ha ein enklare standard, eksempelvis ei breiare vegskulder. Vegdirektoratet presiserte i 2016 at «kommuner kan fritt bygge gang- og sykkelveier med enklare standard». Ein åtskilt sykkelveg vil være det klart beste, men ein enklare veg vil også kunne heve tryggleiken utan at det må ha like store implikasjonar for kostnader og arealinngrep. Det vil også være mogleg å gjenbruke den gamle fylkesvegen frå rasteplassen ved Hålabrua over Sandamoen samt eksisterande g/s-veg over Sandabrua til Vollemoen. Da gjenstår 6,3 km mellom Forberg og Hålabrua, og 3,9 km mellom Vollemoen og Vefald-Brekke Grendehus.

Me håpar at ein slik diskusjon om standard kan gjere det mogleg å kunne realisere økt tryggleik for oss som sykklar eller ynskjer å kunne sykle langs vegen. Ein tryggare sykkelveg vil bety mykje for trafikktryggleiken og folkehelsa.

Vegen er skuleveg, og elevar og ungdom sykklar til skulen i Bø blant anna fordi det er vanskeleg og dyrt å få sykkel med bussen. Strekninga til Bø sentrum er under 10 km for dei fleste slik at mange greitt sykklar strekninga, både som transport og trening. Å legge til rette for sykling mellom Øvre Bø og Bø sentrum vil opne for mange fine og trygge rundturar (sjå lenger nede) og passe godt inn i satsinga Sykkelbygda Bø. Vi har opplevd fleire ulykker i trafikken langs RV36, nokre med dødeleg utgang. Tilfelle som kunne ha vore unngått om bilar og mjuke trafikantar hadde vore fysisk skilte.

Det er stor trafikk på RV36, både av personbilar, traktorar og vogntog, og den aukar. Vegen er ei sentral transportåre mellom aust og vest og med høg andel tungtransport. Vegen har ordinær riksvegstandard, men nesten utan skuldrar utanfor kvitstripa, og når trailerar kjem i begge retningar kjennest det utrygt å vere gåande eller syklist i vegkanten. I tillegg er det stort helgetrafikk og utfart i samband med ferier og høgtider, samt arbeidsreiser morgon og kveld mellom Vest-Telemark og Midt-Telemark/Grenland. Det er fleire lange strekningar som er eigna til forbikeyring, men i slike situasjonar er det lett å oversjå mjuke trafikantar, noko som har fått, og kan få fleire, fatale konsekvensar. Notodden – Bø – Seljord er ei avlastingsåre for E134. I tider då E134 er stengd, som eksempel gjennom Hjartdal under flaumen sommar og hausten 2024, auka trafikken monaleg frå eit alt høgt nivå.

Trass i sentralisering av skule og servicetilbod er Øvre Bø eit livskraftig lokalsamfunn i kommunen, der det også skjer noko tilflytting. Det vil vere eit stort pluss ved det lokale bumiljøet om ein fekk ein tilrettelagd infrastruktur for gang og sykkel knytt saman med Bø sentrum. Strekninga vert dessutan mykje brukt av innbyggjarar frå andre delar av kommunen, derfor er det mange som vil ha god nytte av ein gang- og sykkelveg langs RV36. Her er nokre av bruksområda:

- Elevar i grunnskulen må stille med sykkel fleire gonger i løpet av skuletida. Det er dårleg egna å frakte sykklar med bussen og elevane vert difor avhengige av privat transport til/frå skule. Får ein sykkelen med må ein betale ekstra billett for den, også for elev med skuletransport. Med sykkelveg vil det bli forsvarleg å sende mange av desse elevane med sykkel på eiga hand når undervisninga krev det. Det vil og legge til rette for meir sykling i samband med skulegangen, noko som er i tråd med mål innanfor miljø og helse.
- Avstanden til Bø sentrum er "passe" for mange som sykkelavstand. Det er dessutan ei ganske flat strekning, som er attraktiv å sykle på som alternativ til bil. Vreimsida er ikkje noko godt alternativ fordi vegen er lengre og det samla sett vert mange fleire høgdemeter å forsere på distansen mellom Verpe og Bø sentrum. Dekket på Vreimsida er dessutan dårlegare å sykle på enn det på riksvegen. Det er sjølvstakt mindre trafikk på Vreimsida enn på RV36, men vegen er samtidig smalare og meir svingete, så den er heller ikkje godt tilpassa sykkel og gange, og det er ikkje redusert hastigheit på denne vegen, heller.
- Strekninga vert brukt av mange til trening. Det er del av lengre turar som Lifjell rundt, Seljordsvatnet rundt, eller Bø til Garvik og Kilen og vidare ned langs kanalvassdraget. Ein rundtur Rv36- Vreimsida er overkomeleg for mange og kan vere ein fin trimtur. Vegen kan også kombineras med turar på skogsvegar, til dømes via Eikjabygda-Gautil eller Liheia-Myklestul og tilbake til Bø sentrum via Rv36.
- Det gode tilbodet av elektriske sykklar gjer at bruk av sykkel til transport og trening har auka.
- Telnessanden er ein mykje bruka badeplass, som er eit høveleg mål for ein sykkelstur i badesesongen, også for bebuarar i Bø sentrum.

Me sjår fram til at kommunen og Vegvesenet prioritetar denne viktige sykkelstrekningen og startar arbeid med å utgreie og seinare byggje ein tryggare sykkelveg.

Beste helsing

Øvre Bø Ungdomslag

v/leiar Gaute Egeland Sanda